

Til naboar og grunneigarar

20.12.2022

Varsel om oppstart av planarbeid for Dalegarden gnr/bnr 22/14, Vaksdal kommune

www.abo-ark.no
post@abo-ark.no

Avdeling Os
Org.nr. 879 951 542
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord
Org.nr. 917 495 637
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 vert det varsla oppstart av detaljregulering for Dalegarden gnr/bnr 22/14 i Vaksdal kommune.

Om planarbeidet

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for detaljvarehandel under 3000 m². Området ligg som kombinert bygge- og anleggsformål, BKB, i gjeldande kommuneplan. Tiltaket er ikkje i tråd med overordna føremål i kommuneplanens arealdel, då dette i følge føresegnene i § 1.5.4 berre er tillat innafor sentrumsformål og kombinert byggeformål med unntak av BKB-1 Boge og BKB2- Dalegarden.

Området er regulert til industri i reguleringsplan for del av Dalegarden (1973).

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne innanfor planområdet.

Planområdet er på 37 daa.

Historikk:

Spørsmålet om å starte opp planarbeid på Dalegarden var oppe til politisk handsaming i Formannskapet 26.01.2021 og i Kommunestyret 09.02.2021. Kommunestyret gjorde følgande tilråding/vedtak:

«Formannskapet ber Rådmannen starte arbeid med ny heilskapleg reguleringsplan for Dalegarden, med intensjon om å legge til rette for etablering av detaljhandel i området. Rådmannen får fullmakt til å tilpasse planen slik at dette er mogleg å få gjennomført. Lokalt næringsliv og handelsverksemd skal involverast i planprosessen».

Planområdet har etter politisk handsaming vorte avgrensa til eit mindre område, sjå vedlagt plangrense.

Forslagsstillar er Vaksdal kommune. Plankonsulent er ABO Plan & Arkitektur AS.

Varsel om oppstart av planarbeidet ligg på ABO Plan & Arkitektur AS sin heimeside, www.abo-ark.no, og på Vaksdal kommune sine heimesider under kunngjeringar. I tillegg til sjølve varselet er saksframlegg og vedtak i kommunestyret datert 09.02.2021 og referat frå oppstartmøte med Vaksdal kommune 24.11.2022, tilgjengeleg her.

Konsekvensutgreiing

Planarbeidet er førebels vurdert til å ikkje utløyse krav om planprogram og konsekvensutgreiing jf. Plan- og bygningslova § 4-1.

Frist for innspel

Frist for innspel og merknader til varsel om oppstart av planarbeidet vert sett til **24.01.2023**. Innspel og merknader skal framsettast skriftleg og sendast til:

ABO Plan & Arkitektur AS v/ Unni Sjursen
Postboks 291
5203 Os
e-post: offentlig.ettersyn@abo-ark.no

Eventuelle spørsmål kan rettast til ABO Plan & Arkitektur AS:
Unni Sjursen
Tlf: 900 29 764
e-post: unni@abo-ark.no

Det er ikkje naudsynt å sende kopi av innspel og merknader til Vaksdal kommune, dette vil verta ivareteke av ABO Plan & Arkitektur AS. Alle mottatte dokument, innspel/merknader o.l. vert sendt samla til kommunen saman med planforslaget.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur AS

Unni Sjursen

Vedlegg: Plangrense og oversiktskart.